

**Fra:** Leif Arne Økland <lo799@kyrkja.no>

**Sendt:** 30.03.2023 11:50:25

**Til:** Berit Karin Rystad <berit.karin.rystad@fedje.kommune.no>

**Kopi:** svemagns <svemagns@online.no>, Tone Sævi <tonesaevi@gmail.com>, Evy Beate Uthaug <eu568@kyrkja.no>, Rune Minde <rm985@kyrkja.no>, Stian Herøy <stian.heroy@fedje.kommune.no>, Kristin Handeland <Kristin.Handeland@fedje.kommune.no>

**Emne:** SV: Kontor plass

---

Hei Berit

Takkar for raskt svar.

Det siste innspelet frå deg er eit bra steg i rett retning i forhold til soknet sitt behov for kontor plass. Har lufta siste utkast av kontorplanen frå deg så vidt med nokre av våre.

Soknerådet sitt AU har behov for å drøfta dette nærare. Det som vil vera det avgjerande punktet for soknet å ta stilling til, vil vera kor permanent ei slik løysing vil vera for oss og kva som vil vera risikoen for at vi likevel må ut på eit seinare tidspunkt. Vi respekterer sjølv sagt kommunens behov for nok kontor plass til eigne tilsette. Samstundes er vi glade for at det synest vera vilje i kommune til å forstå soknet sine behov og ikkje minst kva plikter kommunen har etter lova å leggja til rette for soknet sitt kontor behov.

Slik sett støttar eg framlegget om ein ny gjennomgang av avtalen mellom soknet og kommunen. Det trur eg uansett er lurt å gjera no og i forkant av renoveringa av Hjardebanken.

Som vi tidlegare har nemnt har første prioritet for oss vore å bli samlokalisert i Hjardebanken. Om det ikkje er mogeleg (eller ønskjeleg), så må vi leita etter andre alternativ. Men dette kjem eg tilbake til deg på, etter at AU har fått drøfta dette rett over påske.

Mvh

Leif Arne Økland

---

**Fra:** Berit Karin Rystad <berit.karin.rystad@fedje.kommune.no>

**Sendt:** torsdag 30. mars 2023 10.25

**Til:** Leif Arne Økland <lo799@kyrkja.no>

**Kopi:** svemagns <svemagns@online.no>; Tone Sævi <tonesaevi@gmail.com>; Evy Beate Uthaug <eu568@kyrkja.no>; Rune Minde <rm985@kyrkja.no>; Stian Herøy <stian.heroy@fedje.kommune.no>; Kristin Handeland <Kristin.Handeland@fedje.kommune.no>

**Emne:** SV: Kontor plass

Hei Leif Arne

Eg legg ved teikningane av ombygginga. Som du ser så er det eit kontor som er ledig. Merka gult.

Kontoret er ca 7 kvm, så det er ikkje mykje plass å lagre materiell/arkiv etc.

Dette kontoret kan disponerast av soknet, men om me skal tilsette fleire i sentraladministrasjonen vil vi bruke dette kontoret sjølv.

Vil dykk være interessert i dette?

Ut i frå avtale mellom kommunen og soknet som ligg i websak så skal den forhandlast kvart 4 år. Det vil være naturleg å sjå på framtidig kontorsituasjon for soknet i revidering av denne avtalen.

Med vennleg helsing

***Berit Karin Rystad***

Kommunedirektør Fedje kommune

Tlf 56 16 51 00 | Mobil 90619328

Internett [www.fedje.kommune.no](http://www.fedje.kommune.no)



**FEDJE KOMMUNE**

*– Landsbyen i havet*

---

**Fra:** Leif Arne Økland <[lo799@kyrkja.no](mailto:lo799@kyrkja.no)>

**Sendt:** onsdag 29. mars 2023 10:54

**Til:** Berit Karin Rystad <[berit.karin.rystad@fedje.kommune.no](mailto:berit.karin.rystad@fedje.kommune.no)>

**Kopi:** svemagns <[svemagns@online.no](mailto:svemagns@online.no)>; Tone Sævi <[tonesævi@gmail.com](mailto:tonesævi@gmail.com)>; Evy Beate Uthaug <[eu568@kyrkja.no](mailto:eu568@kyrkja.no)>; Rune Minde <[rm985@kyrkja.no](mailto:rm985@kyrkja.no)>

**Emne:** SV: Kontorplass

Hei

Med tanke på den siste mailen frå deg vedk kyrkjekontoret sin eventuelle plass i Hjartebanken, så er vårt tilsvaret at dette ikkje er ei løysing som vi finn akseptabel i forhold til vårt behov for kontorfasilitetar.

Vi har behov for minst eitt fast kontor, der vi kan ha plass til diverse materiell, arkiv og elles ulike remediar, både for eige bruk og for publikum. Dette får vi ikkje oppfylt om vi må ha eitt (1) kontor på deling med fleire andre.

Vi hadde fint kunna levd med eit fleksibelt kontor nr 2, som kunne brukast av underteikna og presten – og det hadde vore mogeleg for oss å tilpassa oss slik at dei som disponerte eit slikt kontor kunne planleggja bruken av det utan å gå i vegen for kvarandre.

Med berre eitt kontor på deling blant fleire, så er det i praksis ikkje plass til hverken kyrkjevevje eller prest samstundes med at sekretær er tilstades. Særskilt dette med samspelet mellom sekretær og kyrkjevevje er avgjerande for oppgåver som skal løysast fortløpande. Til det har vi behov for å møtast fysisk jamnleg.

*Kommunedirektøren sitt framlegg om kontorplass for kyrkja, vil i praksis føra til at det ikkje er plass til hverken prest eller kyrkjevevje på Fedje.*

Soknerådet kjem til å handsama denne stoda på nytt sidan vi treng ei betre løysing enn det som no er skissert.

For ordens skuld legg eg ved ordlyden i § 15 i den gamle kyrkjelova som seier noko meir spesifikt om ansvarsdelinga mellom kommunen og soknet/fellesrådet. Denne gamle lova er oppheva men alle intensjonane i denne er vidareført i den nye trussamfunnslova, sjølv om denne ikkje er fullt så detaljert som den gamle.

#### § 15. *Kommunens økonomiske ansvar.*<sup>1</sup>

Kommunen utreder følgende utgifter etter budsjettforslag fra kirkelig fellesråd:<sup>2</sup>

a. utgifter til bygging, drift og vedlikehold av kirker,

b. utgifter til anlegg og drift av gravplasser,

c. utgifter til stillinger for kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og til daglig leder<sup>3</sup> av kirke,

d. driftsutgifter for fellesråd og menighetsråd, herunder utgifter til administrasjon og kontorhold,

e. utgifter til lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring,

f. utgifter til kontorhold for prester.

Fellesrådets budsjettforslag skal også omfatte utgifter til kirkelig undervisning, diakoni, kirkemusikk og andre kirkelige tiltak i soknene.

Utgiftsdekningen skal gi grunnlag for at det i soknene kan holdes de gudstjenester biskopen forordner, at nødvendige kirkelige tjenester kan ytes, at arbeidsforholdene for de kirkelig tilsatte er tilfredsstillende og at menighetsråd og fellesråd har tilstrekkelig administrativ hjelp.

Etter avtale med kirkelig fellesråd<sup>2</sup> kan kommunal tjenesteyting tre i stedet for særskilt bevilgning til formål som nevnt i denne paragraf.

Kongen kan gi forskrift om kommunenes forpliktelser etter denne paragraf.

Kommunen kan ta opp lån for finansiering av sine forpliktelser etter første ledd bokstav a og b. De nærmere vilkår for kommunens låneopptak fremgår av kommuneloven.<sup>4</sup>

Representant for kirkelig fellesråd<sup>2</sup> kan gis møte- og talerett i kommunale organ når disse behandler saker som direkte berører fellesrådets virksomhet.

Mvh

Leif Arne Økland  
Kyrkjeverje Austrheim og Fedje Sokn

Mi adresse er: [lo799@kyrkja.no](mailto:lo799@kyrkja.no)  
Kontoradressa er: [post.austrheim@kyrkja.no](mailto:post.austrheim@kyrkja.no)

---

**Fra:** Berit Karin Rystad <[berit.karin.rystad@fedje.kommune.no](mailto:berit.karin.rystad@fedje.kommune.no)>

**Sendt:** torsdag 16. mars 2023 13.42

**Til:** Leif Arne Økland <[lo799@kyrkja.no](mailto:lo799@kyrkja.no)>

**Emne:** Re: Kontorplass

Hei

Du har tolka meg rett, men etter nærare ettertanke blir det feil at de disponerer eit kontor eit par dager i veka. Eg ynskjer difor at de deler med Alf Kvant som i utgangspunktet er på Fedje annen kvar fredag. ( nokre ganger kvar fredag)

Helsing Berit

Sendt fra min iPhone

16. mar. 2023 kl. 12:08 skrev Leif Arne Økland <[lo799@kyrkja.no](mailto:lo799@kyrkja.no)>:

Hei igjen Berit.

Minner om mail eg sende 7.mars (sjå under). Har eg tolka deg rett?

Mvh

Leif Arne

---

**Fra:** Leif Arne Økland

**Sendt:** tirsdag 7. mars 2023 11.03

**Til:** Berit Karin Rystad <[berit.karin.rystad@fedje.kommune.no](mailto:berit.karin.rystad@fedje.kommune.no)>

**Kopi:** Evy Beate Uthaug <[eu568@kyrkja.no](mailto:eu568@kyrkja.no)>; 'svemagns@online.no' <[svemagns@online.no](mailto:svemagns@online.no)>

**Emne:** SV: Kontorplass

Hei Berit

Beklagar at det tok litt tid før eg svarte. Men eg måtte drøfta dette både med Anna Marit og Evy først.

Om eg har forstått deg rett så får kyrkja eitt permanent kontor?  
Og forstår eg det rett at det i tillegg vil vera eitt kontor som fleire kan bruka – eller er det slik at kyrkja vil disponera dette eine kontoret som er på deling til fleire?

Litt viktig at vi får ei avklaring på dette. Om det er slik at kyrkja får ha eitt permanent kontor – der det vil vera mogeleg å lagra permar og anna – og at eg kan disponera eit fleksibelt kontor i tillegg, så vil det vera ei god løysing for oss som vi med glede vil takka ja til.

Både eg og presten vil kunna nytta og ha bruk for å ha tilgang til eit kontor som går på omgang til fleire og vi vil kunna styra arbeidstida vår slik at vi ikkje kolliderar med Kvant til dømes.

For å få til ein god arbeidsflyt mellom Austrheim og Fedje, så er det eit vesentleg poeng for oss at eg er på Fedje samstundes med Evy, sånn om lag ein gong i veka. Den dagen i veka vert brukt til fortløpande drøftingar av oppgåver som må løysast. Dette får vi ikkje til på samme måten om det er slik at eg er på Fedje på dagar som ho ikkje er der.

Mvh

Leif Arne Økland  
Kyrkjeverje Austrheim og Fedje Sokn

Mi adresse er: [lo799@kyrkja.no](mailto:lo799@kyrkja.no)  
Kontoradressa er: [post.austrheim@kyrkja.no](mailto:post.austrheim@kyrkja.no)

---

**Fra:** Berit Karin Rystad <[berit.karin.rystad@fedje.kommune.no](mailto:berit.karin.rystad@fedje.kommune.no)>

**Sendt:** torsdag 2. mars 2023 17.40

**Til:** Leif Arne Økland <[lo799@kyrkja.no](mailto:lo799@kyrkja.no)>

**Kopi:** Stian Herøy <[stian.heroy@fedje.kommune.no](mailto:stian.heroy@fedje.kommune.no)>

**Emne:** Kontorplass

Hei Leif Arne

Ut frå mine berekningar så vil vi ha eit kontor ledig i Gamlebanken. Det blir ein del mindre enn dagens kontor for å få plass til alle

Vi vil ha eit kontor til Alf Quant som brukast om fredagane. Det kan du bruke om du ikkje er der på fredagar

Elles kan det bli endringar i fht fleire tilsette etter kvart, og då må vi sjå på nytt i fht plassering av kyrkjekontoret. OK?

Med vennleg helsing

***Berit Karin Rystad***

Kommunedirektør Fedje kommune

Tlf 56 16 51 00 | Mobil 90619328

Internett [www.fedje.kommune.no](http://www.fedje.kommune.no)



**FEDJE KOMMUNE**  
– *Landsbyen i havet*